

Stiftinga Uttoskavågen  
Mangersnesvegen 196  
5936 MANGER  
Org nr: 825 443 142

Alver Kommune

## **Innspel til interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland**

*Stiftinga Uttoskavågen har som formål å tilretteleggja for enklare tilkomst til friluftsområde i Alver Kommune og anna som naturleg fell inn under tilrettelegging i friluftsområde. Uttoskavågen friluftsområde er einaste friområde tilrettelagt mellom Bergen og Florø med tilkomst frå både sjø og land.*

Me har tidlegare kome med innspel som vedlagt datert 29.04.21. Stiftinga har også 04.11.22 hatt møte med Bergen og Omland friluftsrådk på Helleneset samt deltatt på informasjonsmøte 15.11.22 om sjøareal på Helsehuset. Siste møte med Hans Christian Dolmen 18.11.22 på Frekhaug.

Stiftinga Uttoskavågen synest det er mykje godt arbeid som er lagt ned på førehand. Me synes dei «raude» områda i «Fylkesatlas» som gjeld Alver er godt dekkjande for framtidige friområde både på land og i sjø. Me synes punkta i vedlagte innspel frå 29.04.21. nr 1-9 synest å vera tatt med som friområde og nokre framtidige friområde.

### **Følgjande 2 innspel:**

1. Det er eit område aust på Radøy som me synest bør få status som planlagt friområde. Kyrkjeholmen 503/6 (Kjerkholmen 503/4) og sjøområdet på sør-vestsida. Denne holmen og holmane merka i kart- A har naturleg god dybde og er spesielt godt egna til å laga enkel tilkomst. Heile området er mykje brukt friområde til padling, bading og anna fritidsaktivitet på sjø og land.
2. Området Nordre Lamholmen 443/1-2,4,10 og Søre Lamholmen 443/11-14 vest for Toska er også eit nydeleg område for padling og bading. Flott sandbotn og gode dykkeforhold. Eit område på 200 meter frå land rundt desse holmane tenker me bør inngå i planen. Sjå kart – B.

Ved tilrettelegging lokalt både på sjø og land håpar me å oppnå følgjande for ålmenta:

- Kortreist og miljøvennleg ferie
- Lokalt og billig
- For alle, både frå land, sjø og for funksjonshemming
- Lite eller ingen varige spor i terreng eller sjø
- Lavterskel ferie, helgtur, fiske og padling
- Parkering og sti
- Nødhamn

Manger, 06.12.22.  
PÅ vegne av Stiftinga Uttoskavågen

Jan Tore Hvidsten

Rune Fanebust

Vedlegg: Innspel datert 29.04.21 mrk C, og bilde kart - A og B

